

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 06.12.2018

Fylkesordføraren gav slikt svar:

Representanten Aud Karin Oen (SV) retta i fylkesutvalet 21.- 22. november følgjande spørsmål til fylkesordførar:

1. *Korleis har lønsutviklinga utvikla seg over tid mellom tilsette som det vert ført særskilte forhandlingar for og tilsette som føl det sentrale forhandlingsresultatet?*
2. *Etter det eg forstår har HFK ei bedriftshelseteneste. Korleis er den organisert og er det noko endringar i organiseringa?*

Svar på spørsmål 1:

Lønsutviklinga i Hordaland fylkeskommune for kapittel 3 og kapittel 5 versus kapittel 4

I samband med årlege lønsforhandlingar deler hovudtariffavtalen dei tilsette inn i tre kapittel; kapittel 3 for leiarar, kapittel 5 for saksbehandlarar/rådgjevarar og akademiske yrke og kapittel 4 for lærarar, miljøarbeidarar, tannhelsesekretærar, driftspersonale mv.

Lønsdanning i fylkeskommunen skjer lokalt på fylkeskommunenivået for kapittel 3 og 5, medan det hovudsakleg skjer sentralt i KS for kapittel 4 gjennom forhandlingar som KS fører.

Hordaland fylkeskommune hadde 4.630 tilsette (3.930 årsverk) pr. 31. desember 2017. Av desse er 1.020 tilsette (22,0 %) knytt til hovudtariffavtalen kapittel 3 og 5 med lokal lønsdanning. Resterande del – 3.610 tilsette - høyrer til kapittel 4 der lærarane utgjer hovuddelen med om lag 70 prosent.

I følgje tal frå KS har lønsutviklinga i kommunar/fylkeskommunar dei seinare åra vore noko betre i kapittel 3 og 5 enn i kapittel 4. Seinast i 2016 var årslønsveksten 2,8 % for kapittel 5, 3,0 % for kapittel 3, medan den var 2,5 % for kapittel 4.

Dette heng nok nært saman med at kommunar/fylkeskommunar har andre utfordringar i kapittel 3 og 5 enn i kapittel 4 når det gjeld rekruttering og det å halde på kompetanse og at dette kan vere lønsdrivande.

Tal for HFK pr. 31. desember 2017 for *relevante grupper* viser omtrent same utvikling som for kommunar/fylkeskommunar elles. Dei årlege lønsforhandlingane har hatt som utgangspunkt at dei tre kapitla får tildelt felles ramme, i 2018 var denne på 2,8%. Side 2/2

Den gjennomsnittleg årslønsveksten i HFK i 2016 og 2017 er for kapittel 3: **3,0 %**, kapittel 5: **2,7 %** og kapittel 4: **2,6 %**. Forklaringa til forskjellen er at det ved nyttilsetting i leiarstillingar som regel vert stilt krav om særleg forhandling om årsløn dersom fylkeskommunen skal få henta inn den nødvendige kompetansen for å fylle stillingane.

Svar på spørsmål 2:

Bedriftshelsetenesta i HFK

Det vart i møte i fylkesutvalet 21. november vist til at ei utgreiing om framtidig bedriftshelseteneste skal til behandling i Partssamansett utval og Fellesnemnda, og at svar vert gjeve i denne samanheng. Representanten Oen sa seg einig i dette.